

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Vår referanse: 17/8550
Dykkar referanse: 17/1210 - 17/7940
Dato: 26.06.2017

Att:
Rolf Raknes

Uttale til Radøy kommune Hordaland - Kunngjering oppstart detaljreguleringsplan for Mangersvåg kloakkanlegg

Vi viser til brev datert 19.06.2017 med melding om oppstart av reguleringsplanarbeid plansak 12602017000600 – planendring Mangersvåg kloakkanlegg.

Tiltak

Planen gjeld tilrettelegging for utbygging og drift av offentlig kloakkreinseanlegg.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Arealbruk

Akvakultur løyve og viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor.

De kan finne kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

Vår vurdering

Vi har registrert fiskeområde for bruk av passiv reiskap i forbindelse med fiske etter sei, lange og brosme sør for Mangersneset. Dette omfatter området rundt Fugleskjeret og Nesflua. Området er registrert som «noe brukt» i forbindelse med yrkesfiske og fritidsfiske. Utsleppspunkt fra reinseanlegget er ikkje kjendt for oss. Med mindre dette er like ved, eller i fiskeområdet, vurderer vi det slik at det planlagde tiltaket ikkje vil kome i konflikt med bruken av det registrerte fiskeområdet.

med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936

MANGER

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgt. 3

5003

BERGEN